

Personvernerklæring Ryfylke IKS

Denne personvernerklæringa forklarar kva slags data me samlar inn, korleis me gjer det og kva me bruker data til.

Informasjon om Ryfylke IKS

Dataeigar: Ryfylke IKS

Organisasjonsnummer: 983780822

Adresse: Ryfylkevegen 7040, 4130 Hjelmeland

Nettstad: [Ryfylkeiks.no](https://ryfylkeiks.no)

Ansvarleg for behandling av personopplysningar: Dagleg leiar i Ryfylke IKS

Personvern

Personopplysningar er data og vurderingar som kan knytast til ein enkeltperson. Det kan til dømes vera namn, e-postadresse og ip-adresse, eller ein kombinasjon av desse som gjer det mogleg å anslå kva person som er bak dataa.

All bruk av personopplysningar blir rekna som behandling av personopplysningar, som til dømes innsamling, registrering, samanstilling, lagring og utlevering eller ein kombinasjon av desse. Behandling av personopplysningar blir regulert av personopplysningslova.

Ryfylke IKS er behandlingsansvarleg for personopplysningar som blir behandla i samband med bruk av våre tenester og produkt, og personopplysningar me samlar inn og omarbeider for det formålet som kjem fram nedanfor. Det at Ryfylke IKS er behandlingsansvarleg inneber primært at det er Ryfylke IKS som har ansvar og pliktar etter personopplysningslova.

Dersom Ryfylke IKS vel eit anna selskap som får ansvaret for å behandla personopplysningar, altså data om deg, så kallar me det ein databehandlar. I dei tilfella me nyttar databehandlarar skal me sørgja for at me har inngått databehandlaravtalar som regulerer korleis databehandlaren kan behandla data som blir tilgjengeleggjorde. Standard for dette er at avtalen med databehandlaren berre får behandla personopplysningar på Ryfylke IKS sin

Personvernserklæring for Ryfylke IKS.

vegner og til klart og tydelege definerte formål, slik forskrifta om behandling av personopplysningar krev.

Korleis samlar me inn opplysningar om deg?

Det meste me har av data om deg er data som blir genererte når du bruker nokre av tenestene våre. Døme på dette kan vera; sidevisningar og informasjon om eininga di (pc, mobil, nettbrett).

Opplysningar du sjølv deler med oss

Når du kontaktar oss gjennom nettsida vår, vil du dela data som blir lagra hos oss. Desse opplysningane blir lagra i databasane våre, dette fordi me skal kunna respondera på kontaktførespurnaden din.

Opplysningar som blir samla inn gjennom bruk av tenestene

Når du bruker tenestene våre vil me registrere den informasjonen om kva tenester du bruker og korleis du bruker dei. Dette gjer me fordi me då har høve til å forbetra brukaropplevinga, tenesteinnhaldet, forbyggja svindel og tilpassa innhald og annonsar til ditt bruks- og interesse mønster.

Korleis brukar me opplysningane me har samla inn om deg?

Ryfylke IKS samlar personopplysningar for å forstå og forbetra tenestene og produkta våre, slik at du skal få den beste brukaropplevinga på nettstadene våre.

Ryfylke IKS jobbar kontinuerleg med å gi deg som bruker ei best mogleg oppleving av våre tenester som kvar tid er tilgjengeleg. For å kunna gjera det så bruker me mellom anna personopplysningar me har samla inn.

Til og få tenestene til å fungera best mogleg

Ryfylke IKS behandlar personopplysningar og andre former for data for å levera tenestene som er avtalte med deg. Me bruker også data for å sikra ei best mogleg brukaroppleving for deg gjennom tilpassing av innhaldsvisninga til skjermen din og raskast mogleg lasting av sidene.

Til statistikk og å forstå marknadstrender

Vi utarbeider statistikk og kartlegg marknadstrenderar for å forbetra og vidareutvikla nettstadene våre.

Våre analyse- og tredjepartsverktøy

Ryfylke IKS nyttar analyseverktøy for å samla inn informasjon om korleis våre tenester blir brukt. Me nyttar informasjonsskapslar frå Google Analytics til å måle talet på besøkjande, kva sider som blir besøkte, kor lenge eit besøk varer og liknande. Statistikk om brukarar og trafikk blir som oftast brukt og anvendt i aggregert form, slik at ikkje statistikken inneheld nokon for informasjon som kan knytast direkte til deg som ein identifisert person.

Om informasjonsskapslar

«Cookies» - eller "informasjonsskapslar" – er ein standard teknologi som stort sett alle nettsider bruker i dag. Ein cookie er ei lita tekstfil som blir lagd i din nettlesars internminne, og denne gir oss statistikk som me bruker til å gjera nettsidene våre betre for brukarane våre. Dei fleste moderne nettlesarar (Google *Chrome, *Firefox, Internet *Explorer, Safari, Opera, etc.) er innstilt på å akseptera cookies automatisk, men du kan sjølv velja å endra innstillingane slik at cookies ikkje blir aksepterte. Me gjer merksame på at det vil føra til at svært mange nettsider ikkje vil fungera optimalt om du ikkje aksepterer cookies.

Korleis blir desse opplysningane delt?

Me kjem ikkje til å dela, selja eller formidla personopplysningar på nokon annan måte enn beskrive i denne personvernerklæringa.

Endringar i personvernerklæringa

Vi kan oppdatere denne personvernerklæringa frå tid til anna. Den nyaste versjonen vil alltid vera tilgjengeleg på nettsida vår.

Retting og sletting av personopplysningar

Me vil ikkje lagre personopplysningar lenger enn det som er nødvendig for å oppfylle formålet med behandlinga og lovpålagde plikter me har, til dømes i samsvar med rekneskapslovgivinga.

Du kan når som helst be oss om å sletta opplysningar knytt til deg, med mindre det er lovpålagd å oppbevare opplysningane ei viss tid (t.d. rettskrav, rekneskapslov osv.)

For å utøva desse rettane, vennlegast kontakt oss på post@ryfylkeiks.no.